



UTSTILLARREGLAR FITJARFESTIVALEN

1. Utstillarsområdet er utanfor handelshuset Larsen på Sjøsidea. Det vil bli dag og nattvakter under festivalen. (10.-13. August)
2. Det kan kun parkerast på tilviste plassar. Det vil bli kommunisert ved ankomst. Vær tidlig ute å meld ifrå ankomsttid.
3. Ingen utstillar blir registrert før påmeldingsskjemaet ligg føre hos representant i styret, i utfylt og underskreven stand. Påmeldinga er bindande i frå den dagen den er akseptert og utstillaren hefter for standleige. Fitjarfestivalen er ikkje pliktig til å tilbakebetala standleiga uansett årsak. Framleige av utstillingsplass er ikkje tillete. Salsutstillingar skal vere under tilsyn av personale frå utstillaren i den daglege opningstida. Utstillaren kan ikkje utan løyve reise frå standen før festivalen er slutt
5. Påmeldingsfristen står på påmeldingsskjemaet. Styret tek forbehold og rett til å avslutte registrering av utstillarar eller eventuelt redusere påmeldt areal dersom utstillinga skulle bli fullteikna før påmeldingsfristen går ut. Styret har høve til å forkaste påmeldingar, refusere utstillingsvarer og justere tildelt areal. Styret i Fitjarfestivalen har den endelege avgjerdsla på fordeling av utstillingsplassene.
6. Så snart ein er blitt tildelt plass, vil ein få faktura på mail. Denne skal betalast før ein får tildelt telt på plassen. Kontanter vert ikkje godtatt. Dersom betalingsvilkåra ikkje er oppfylt medfører dette tap av tildelt standareal. Representant ifrå styret har i såfall rett til å leige dette ut på ny til andre utstillarar.
7. Kun varer/produkt som er påmeldt kan visast på utstillinga. Det er er ikkje høve å selje lapper, vaffler eller anna ferskrettar ifrå boden. Det er opp til representant ifrå styret å avgjere dette.

Det er ikkje høve til loddsal frå standen eller andre stader i marknadsområdet. For utstillarar som sel matvarer må salsinnretningar og vareutval vera godkjend av mattilsynet i bustadkommunen. Godkjenningsbevis skal takast med og visast ved eventuell inspeksjon.

8. Plakatar o.l. kan ikkje setjast opp på messeområdet utanfor eige salsareal. Vareprøver og reklamemateriell kan berre delast ut frå eigen stand.

9. Demonstrasjonar, utdeling av vareprøver, bruk av film, lydbånd, video o.l. må meldast frå om til representant i styret på førehand. Bruk av tale/sangforsterkarar, annonsering av varer/tilbod over høgtalar på standen er ikkje tillete.

11. Utstillaren må sjølv syte for all transport, montering, demontering, pakking og bortkøyring av emballasje, eigne varer og dekorasjonsmateriell. Monteringa må vere ferdig og all emballasje teken bort innan fredag ettermiddag kl. 1500. Demonteringa startar søndag ettermiddag etter at utstillingane er stengt. All gods må vere fjerna seinast søndag kl.18.00. Innkjøring av varer under festivalen er kun tillatt inntil 30 minutt før me opnar eller tidligast 30 minutt etter stengetid, dette av sikkerhetsmessige hensyn.

12. Utstillarane er ansvarlege for skader som dei påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar. Utstillarane må sjølv ordne med forsikring av sin stand. Styret i festivalen tek ikkje på seg ansvar for dei utstilte varene, utstyr eller tredje person sine eigendeler. Ved mykje nedbør/vind e.l er utstillar sjølve ansvarlege for å sikra varene sine.

13. Når utstillinga er demontert, skal standen leverast attende fri for dekorasjonar, spiker, fundament o.l. Ved eventuell forsømming av dette, har styret i festivalen rett til å utføre opprydding på utstillaren si rekning.

14. Fitjarfestivalen forbeholdar seg retten til å avlyse festivalen eller deler av denne dersom det syner seg uråd å gjennomføre tilskipinga på grunn av t.d. force majeure, krig, terroråttak, brann, vasskade, eller ved større skader på bygningar eller tekniske skader på utstillingsområdet og enkeltstandar. Ved avlysing i samsvar med desse punkta i utstillingsreglane, skriv marknadsnemnda frå seg ansvar overfor utstillarane som følgje av avlysinga. Fitjarfestivalen er ikkje pliktig å betala attende leige som er betalt inn på førehand.


15. Alle utestandar skal ha minimum 1 stk brannslukkeapparat på standen sin. Dei som manglar slikt apparat vil bli pålagt å skaffa dette før utstillinga opnar. Kontroll vil verta gjennomført og branninstruks følger med i velkomstmateriell.

**Då ynskjer me hjarteleg velkommen til
Fitjarfestivalen 2017!!! 😊**

For arrangøren

Reg.nr/kundenr: _____

Stand nr: _____



SØKNAD OM UTSTILLARAR PLASS PÅ FITJARFESTIVALEN 2017 10.-13. AUGUST

Utstillar: _____
Adresse: _____
E-post: _____
Tlf/mobil: _____

Kontaktperson: _____
Postnr og stad: _____
Nettstad: _____
Org.nr / personnr: _____

UTESTANDARD :

		Pris per stk	Antall	Sum
Utestående med tak	3x3 meter inkl. Strøm + eit bord og 2 stoler	2 000	<input type="text"/>	Kr. _____

DIVERSE:

Eigen skøyteledning ifrå fordelingsskap må medbringast til Festivalen

Me stiller ut følgjande (kun oppførte produkt kan seljast/medbringast)

Må fyllast ut!!!!

NB!! Varm mat kan ikkje seljast.

Særlege ønskjer/behov vedkommande standen/plassering:

Kan ikkje garantere at ynskjer blir infridd.

Har produkta krav til godkjenning av Mattilsynet?

NB! Utstillar er sjølv ansvarlig for å melde inn salgsbod:

Krav **JA** **NEI**

Arrangøren har et begrenset antall bord og stoler for utleie. Innredningar, spotlights, skap, oppheng m.m må utstillar sjølv ta med.

Søknadsfrist for bodgate er 15. juni.

Tildeling av bodplass tildeles innan 20. juni. Dersom ein avmelder boden innan 15.juli vil standleige bli refundert, men vil bli tillagt eit avbestillingsgebyr på kr 500,-

Vi set krav om gyldig avmeldingsårsak som t.d sjukemelding el.l. om standleige skal refunderast etter 15.juli. Henvendingar kan rettast til: Ellinor Bergesen på telefon 971 43 785 eller epost: post@fitjar.frivilligsentral.no

Me har gjort oss kjende med utstillingsreglane.

Dato: _____

Namn (blokkbokstavar): _____

Signatur: _____

Heimeside: www.fitjarfestivalen.no

Følg oss også på **facebook** <https://www.facebook.com/Fitjarfestivalen-215809088435094/>

Snapchat : fitjarfestival **instagram** : fitjarfestival2017